



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd

Tid: 29.04.2026 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Linda Hasund	Medlem
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem
Mirjam Håland Igland	geistleg representant
Stian Skorgen Scheide	kommunal representant
Beate Hopland Langnes	1. vara
Monica Leine Tokheim	2. vara
Bjørn Losvik	sekretær

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar blir kontakta når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	
F-2026/12		Disponering av mindreforbuk 2025	
S-2026/13		Uttale om tilsetting av prost i Søre Sunnmøre prosti	

Godkjenningar:

Godkjenning protokoll siste møte:

Godkjenning av innkallinga:

Godkjenning av sakliste:

Meldingar:

F-021 Revisjonsmelding Ulstein sokn 2025

Vedlegg: *Revisjonsmelding 2025*

Årsrekneskap for Ulstein sokn 2025 er godkjend av revisor.

F-022 Protokoll frå Ulstein sokn sitt årsmøte 24.03.2026.

Vedlegg: *Protokoll frå årsmøtet.*

Protokoll frå årsmøtet er ferdig signert og vert lagd fram for soknerådet.

F-023 2. gongs offentleg ettersyn/høyring – Områdeplan for Ulsteinvik sentrum.

Vedlegg: *2. gongs offentleg ettersyn/høyring – Områdeplan for Ulsteinvik sentrum.*

Innspel til høyring områdeplan Ulsteinvik sentrum (frå mai 2025)

Merknadar med kommentar – offentleg ettersyn (side 21-22)

I første høyringsrunde gav Ulstein sokneråd (US) innspel til ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum. I høyringsinnspelet, datert 21.05.2025, bad US om at ein tok vekk den ekstra etasjen som var planlagt på rådhuset. No er det lyst ut 2. gongs offentleg ettersyn/høyring – Områdeplan for Ulsteinvik sentrum. I papira kjem det fram at Ulstein sokneråd sin merknad frå mai 2025 ikkje er hensyntatt (sjå vedlegg).

F-024 Framgang i arbeidet med namna minnelund.

Vedlegg: *Bilde kjem på skjerm under møtet.*

Orientering v/ Bjørn Losvik.

F-025 Framgang i arbeidet med nye lys i kyrkja

Vedlegg: *Bilde kjem på skjerm under møtet.*

Arbeidet med å montere nye lyskastarar pågår i skrivande stund. Om alt går etter planen kan vi melde om ferdig arbeid i soknerådsmøtet.

F-026 Mogleg innkjøp av robotgressklippar til Ulstein kyrkjegard.

Vedlegg: *Tilbod frå Eiksenteret leggst fram i møtet.*

Bilde kjem på skjerm under møtet.

I samband med innkjøp av ny traktorgressklippar har tanken om robotgressklippar rundt kyrkja kommet opp. Ulstein sokn har brukt Eiksenteret i Ørsta til innkjøp og service av traktorgressklipparar. Vi har difor bedt Eiksenteret om pristilbod på innkjøp og montering av robotgressklippar. I skrivande stund er tilbodet ikkje mottatt.

Ulsteinvik, den 21.04.2026

Odd Arne Vikebakk	Bjørn Losvik
Leiar	Sekretær

F-SAK 2026/12 Disponering av mindreforbuk 2025

UTGREIING

Vedlegg:

Viser til F-sak 2026/07 i fellesrådsmøte som fann stad 11.03.2026. Fellesrådet gjorde følgande vedtak:

«Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer kr. 29.443 frå frie investeringsmidlar til å dekke udekka eigenkapitalinnskot i investeringsrekneskapen.

*Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer mindreforbruket på kr. 290.581 slik:
kr. 104.339 til å betale lånemidlane tilbake på memoriakonto*

*(med forbehold at det er soknet sine eigne investeringsprosjekt)
kr. 102.699 til ubunden Ulstein nye kyrkje
kr. 83.543 til ubunden disposisjonsfond*

Ulstein SR undersøker muligheten til å forbetre avkasting for innsamla midlar til nye kyrkje»

Kyrkjeverje Christfried Kaul sendte vedtaket til økonomikontoret i Ulstein kommune, men fekk tilbakemelding om at mindreforbruket ikkje kunne brukast til å betale ned lånemidlar.

Ulstein sokn har fått avklart frå økonomikontoret i Ulstein kommune at desse midlane heller kan settast i ubunden disposisjonsfond, for å kunne bruke til andre innkjøp over 100.000,-, men under 104.000,-, forutsatt at soknerådet gjer eit vedtak på at lånemidlane skal finansiere kjøpet. Dette er særleg aktuelt med tanke på innkjøp av ny traktorklippar til kyrkjegarden, muligens i kombinasjon med robotgressklippar til gravplassen rundt Ulstein kyrkje.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer kr. 29.443 frå frie investeringsmidlar til å dekke udekka eigenkapitalinnskot i investeringsrekneskapen.

Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer mindreforbruket på kr. 290.581 slik:

kr. 102.699 til ubunden fond Ulstein nye kyrkje.

kr. 187.882 til ubunden disposisjonsfond.

S-SAK 2026/13 Uttale om tilsetting av prost i Søre Sunnmøre prosti

UTGREIING

Vedlegg: *Utvida søkjarliste med søknad blir delt ut i møtet og samla inn igjen.*

Ulstein sokneråd fekk i møte 11.02.2026 informasjon om tilsettingsprosessen for stillinga som prost i søre Sunnmøre prosti. Det har kome inn 3 søknader på stillinga. I etterkant har ein søkjar trekt seg. Biskopen har bestemt at begge kandidatane skal kallast inn til intervju.

I følgje personalreglementet for Den norske kyrkja §14 har sokneråda høve til å gi sin uttale:
Ved tilsetting av prost har menighetsrådene i prostiet anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne disse ønsker tilsatt.

I uttalen skal de ønskede søkere nevnes i prioritert rekkefølge. Rådets uttalelse føres inn i møteboken med opplysning om stemmetall for de søkerne rådet har foreslått. Vedtar rådet ikke å gi noen uttalelse, skal også dette føres inn i møteboken. Rådet sender utskrift av møteboken til innstillende myndighet. Avgitt uttalelse følger saken til eventuell tilsetting har funnet sted.

Intervjudag vert 27.4. i Volda. Utvida søkjarliste med søknad er grunnlagsdokumenta sokneråda får til å gje sin uttale, og blir av GDPR-omsyn delt ut i møtet og samla inn igjen. Frist for å sende uttale er 18. mai. Soknerådet sin uttale skal sendast Møre bispedøme v/ avdelingsleiar HR og organisasjonsutvikling Anne Marit Hagelund, og setteprost Sindre Kulø.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

Til Ulstein sokn
Kyrkjekontoret

6065 ULSTEINVIK

REVISJONSMELDING 2025

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Ulstein sokn som viser eit netto driftsresultat på kr. 1.400.240,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 290.581,- . Årsrekneskapen består av årsmelding, balanse pr 31. desember 2025, driftsrekneskap og investeringsrekneskap avslutta pr denne dato og notar til årsrekneskapen, herunder eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ulstein sokn pr 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kirke og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjons av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsmeldinga og ytterlegare informasjon

Soknet og dagleg leiar er ansvarleg for øvrig informasjon. Denne informasjon består av informasjon i soknet si årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Vår konklusjon ovanfor om årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjon i årsmelding eller anna ytterlegare informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

Med bakgrunn i den kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningar som skal vere med i samsvar med gjeldande lovkrav og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer med årsrekneskapen

Soknet og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Soknet og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide og fastsette årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Leiinga har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskaen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskaen gir uttrykk for dei underliggende transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserar med soknet blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik 19.03.2026

Halldis Moltu

Halldis Moltu

-statsautorisert revisor-

Protokoll frå årsmøte i Ulstein sokn 2026

Tema: **Eit mangfaldig fellesskap**

Møtet fant stad tysdag, 24. mars kl. 18:00 -19:30 i Ulstein kyrkje

Talet på deltakarar: 23

Velkomst: soknerådsleiar Odd Arne Vikebakk

Andakt: Karine Sæter

Salme: Kyrie (NOS 144)

Sak 1: Konstituering

- 1.1. Val av dirigent: Odd Arne Vikebakk
- 1.2. Val av referent: Christfried Kaul
- 1.3. Val av protokollunderskrivarar: Finn Ove Kaldhol, Janne Fylsvik Rønningen
- 1.4. Godkjenning av innkallinga
 - Kommentar / Innspel: ingen

Vedtak: *årsmøtet 2026 godkjenner innkalling til årsmøtet*

Sak 2: Årsmelding for 2025

- Presentasjon av deler frå årsmeldinga
 0. Innleiing: Odd Arne held ei kort innleiing om årsmøtet
 1. Gudstenesteliv Øyvind og Mirjam presenterte frå årsmeldinga
 2. Diakoni: Mari Ann og Karine presenterte frå årsmeldinga
 3. Kyrkjemusikk og kultur: Gunn-Marte og Michelle presenterte frå årsmeldinga
 4. Kyrkjeleg undervisning og ungdom: Janne og Mirjam presenterte
 5. Frivillige og stab: Christfried presenterte frå årsmeldinga
- Kommentar / Innspel:
ingen kommentar

Vedtak: *årsmøtet 2026 godkjenner soknet si årsmelding 2025*

Benkesamtale

Det var samtale i smågrupper i benkane med 2 spørsmål:

1. Kva ville du «skryte av» di kyrkje når samtalen t.d. i eit selskap kjem på kyrkja?

- Kommentar / Innspel:
 - jordnær og himmelvend forkynning

- god salmesong i kyrkjelyden
- flink å sjå og inkludere nye menneske
- flott arbeidsplass, god stab
- fellesskapen og kyrkjerommet gir ein heim i kyrkja
- brei involvering av samfunnet

2. Kva hadde gjort Ulstein kyrkje til ei kyrkje eg er enda meir glad i?

- Kommentar / Innspel:
 - meir aktivitet for misjon i nærmiljøet
 - meir djuptgåande arbeid med bibelske tekster

Sak 3: Årsrekneskap for 2025

- Presentasjon av rekneskapen:
 - Christfried la fram nøkkeltal og gav litt bakgrunnsinformasjon
- Det blei gitt melding om at rekneskapen var revisorgodkjent
- Kommentar / Innspel:
 - ingen kommentar

Vedtak: årsmøtet 2026 godkjenner årsrekneskapen 2025

Sak 4: Orienteringar om pågåande prosjekt

- Beate Hopland informerte om utvikling av kontakten med *The Evangelical Lutheran Church in Jordan and the Holy Land (ELCJHL)* og det planlagde besøket av Sally Azar og Rodney Said i Ulsteinvik i april
- Sokneprest Mirjam Håland Igland informerte om aktivitet for småbarnsfamiliar og situasjonen til søndagsskulen.
- Soknerådsleiar Odd Arne Vikebakk orienterte om infoskrivet om Ulstein nye kyrkje og soknerådets arbeid med den framover
 - Kommentar / Innspel:
 - ingen kommentar

Avslutningsalme: Den dag du gav oss, er til ende (NOS 820)

Soknepresten lyste velsigning


Ulsteinvik, 24.03.2026



Christfried Kaul, ref.



Finn Ove Kaldhol



Janne Fylsvik Rønningen



ULSTEIN SOKN
Postboks 143
6067 ULSTEINVIK

Vår referanse
21/474 26/4284

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Cecilie Roppen

Dato
20.03.2026

2. gongs offentleg ettersyn/høyring - Områdeplan for Ulsteinvik sentrum

Teknisk utval har i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 vedtatt at forslag til områdeplan for Ulsteinvik sentrum (planID 20210001) skal leggst ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

Områdeplanen for Ulsteinvik sentrum har vore på høyring og offentleg ettersyn. Det kom inn ei rekkje innspel frå grunneigarar, innbyggjarar, næringsaktørar og offentleg mynde. Innspela har i hovudsak handla om byggehøgde, parkering og allmenn ferdsel langs sjø. Merknadane er gått gjennom og det er gjort endringar på planframlegget.

Plandokumenta finn du i kommunen sitt planarkiv, www.arealplaner.no og på kommunen si heimeside, under [høyringar og kunngjeringar](#). Det er utarbeidd ein eigen kartportal for [plankartet](#), i tillegg til ein [3D-modell](#) som viser mogleg framtidig utbygging.

Merknadar og innspel sendast via arealplaner.no, [Kontakt oss](#) eller Ulstein kommune v/Teknisk etat, postboks 143, 6067 Ulsteinvik, **innan 01.05.2026**.

Generelle opplysningar: Merknader som kjem inn er kommunen sitt grunnlag for å endre planforslaget, og vert vurdert og lagt fram for politisk mynde saman med kommunedirektøren sine vurderingar av merknadane. Vi svarer difor ikkje på merknader enkeltvis.

Med helsing

Cecilie Roppen
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur



Den norske kyrkja
ULSTEIN SOKN
Kyrjekontoret
6065 ULSTEINVIK

Til: Ulstein kommune
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

Ulsteinvik, 21.05.2025


Høyringsinnspel frå Ulstein sokn til Områdeplan for Ulsteinvik

Ulstein kyrkje er det einaste kulturminne i Ulstein sentrum som har nasjonal status som verna. Ulstein sokn er eigar av Ulstein kyrkje og har saman med Ulstein kommune ansvar for vedlikehald av kyrkjebygget. Det må også vere i interessa for Ulstein kommune å ta vare på nærmiljøet rundt kyrkja, samt å sørgje i planprosessar for at eit slikt historisk og ideelt verdifullt bygg er tilgjengeleg både fysisk og visuelt.

Ulstein sokn sett pris på omsynet som er tatt i planutkastet for å ta vare på ein grøn korridor med fri sikt mot sjøen og framleis brukbar sikt inn mot kyrkjebygget.

På mange planområde inneber den planlagde sentrumsutvikling auka kote på bygg. Unntatt rådhuset er ikkje andre bygg i nærleiken til kyrkja planlagt med auka kote som forulempar sikt mot Ulstein kyrkje. Høgare kote på rådhuset vil redusere innsyn mot kyrkja frå Vikholmen / Småbåthamna.

Soknet vil difor kome med innspel om at ein tek vekk den ekstra etasjen som er planlagt på rådhuset.



Venleg helsing
Christfried Kaul, kyrkjevevjerje



ULSTEIN KYRKJE
Saman på ferda

Tlf. 70 01 76 80
Sjøgata 61
Org. nr. 976997093 - Ulstein
sokn



--	--	--

2.22	Ingunn Håheim Fjørtoft		
Datert:		JpID:	
Oppsummert merknad			
• Sterk motstand mot høg utbygging på SF7 og SF15, som vil blokkere sjøutsikta i sentrum. • Sjøfronten og utsikta mot havet er ein kjerneverdi for Ulsteinvik sin maritime identitet. • Frykt for at høge bygg vil redusere trivsel, tilgjenge til sjøen og attraktivitet for både innbyggjarar og turistar. • Forslag om å gjere SF7 til park eller ope fellesområde for å bevare utsyn og rekreasjon. • Meiner utviklinga favoriserer utbyggarar sine økonomiske interesser framfor innbyggjarane sitt velvære. • Peikar på at det finst andre sentrumsnære tomter for større bygg utan å øydelegge sjønære område. • Oppmodar kommunen til å revurdere planane og prioritere løysingar som tek vare på sjøutsikt, kystpreg og livskvalitet.			
Kommunen sin kommentar og konklusjon			
<i>Det er gjort endringar på planforslaget. SF15 er endra frå sentrumsformål til offentleg parkeringsplass.</i> <i>Det er mest vanleg å omtale høghus som hus med meir enn 10-12 etasjar. For SF7 er det lagt opp til fem etasjar.</i> <i>I gjeldande detaljregulering for Sjø sida trinn III (SF7) var det tenkt at byggetrinnet skal halde same utbyggingsform som tidlegare trinn, der bygget er lagt heilt i sjøkanten berre med promenade framføre. Dette tilfredsstiller ikkje dagens krav om sol på leikeplass. I områdeplanen så er dette endra. Det er sett av eit større areal til park mot sjøen og bygget er trekt bak til Sjøgata. Mellom SF7 og Geileneset vil det framleis vere eit større, ope utsyn mot sjø. Målsettinga er at parken vil skape betre kontakt med sjøen enn det er i dag.</i> <i>SF7 skal detaljregulerast på eit seinare tidspunkt. Høgde og utforming må då vurderast spesielt for eit spesifikt utbyggingsprosjekt. Det vert også då høve til å kome med innspel til planarbeidet.</i>			
Imøtekomen	Delvis imøtekomen		Ikkje imøtekomen

2.23	Ulstein kyrkje		
Datert:		JpID:	
Oppsummert merknad			
• Ulstein kyrkje er det einaste kulturminnet i Ulstein sentrum med nasjonal vernestatus. • Ulstein sokn og kommunen har ansvar for vedlikehald og bør sikre god fysisk og visuell tilgjengelegheit til kyrkja. • Soknet set pris på at planen tek omsyn til grøn korridor og siktlinjer mot sjøen og kyrkja. • Generelt er det ikkje planlagt høgare bygg rundt kyrkja som forstyrrar sikta. • Unntaket er rådhuset: planlagt ekstra etasje vil redusere innsyn mot kyrkja frå Vikholmen/Småbåthamna. • Soknet ber difor om at den ekstra etasjen på rådhuset blir fjerna for å ta vare på kyrkja sitt visuelt viktige nærmiljø.			

Kommunen sin kommentar og konklusjon		
<i>Tiltaket med ein ekstra etasje på rådhuset vil i liten grad påverke utsynet til kyrkjetårnet. Innspelet vert difor ikkje imøtekome.</i>		
Imøtekomen	Delvis imøtekomen	Ikkje imøtekomen

2.24	Arild Waage		
Datert:		JpID:	
Oppsummert merknad			
Vil åtvare mot å fjerne so mykje parkeringsareal som forslaget inneber. Slik dette vert framlagt opplever vi det som at kjøpesentera vert prioritert og frittstående butikkar og verksemder blir fråtatt nødvendig tilgjengelegheit. For å skape gode rammer for bruk av sentrum må rammevilkår for verksemder vere gode og forutsigbare, forslaget til parkeringsløyisingar er ikkje tilfredsstillande slik vi ser det.			
Kommunen sin kommentar og konklusjon			
<i>Planen er endra slik at torget får minka storleik og det vert oppretthalde noko av parkeringa på Kulturallmenningen.</i>			
Imøtekomen	Delvis imøtekomen	Ikkje imøtekomen	

2.25	Hogne Vik		
Datert:		JpID:	
Oppsummert merknad			
- Joakimbakken er eit roleg, sentrumsnært bustadområde med einebustader og låg blokkbebyggelse (2–3 etasjar). - Innsendar støttar Viketunet AS sitt opphavlege prosjekt (3 etasjar bustad + parkering), som låg til grunn for sal av eigedomar. - Den nye områdeplanen opnar for inntil 6 etasjar med bustad og forretning, noko som gir byggehøgder opptil ca. 10 m over eksisterande bustader. - Innsendar er sterkt kritisk til: - at privat bustad (gnr. 8/287) blir inkludert i sentrumsplanen - blanding av bustad og stor forretningsverksemd i eit etablert bustadområde - auka trafikk, tungtransport og utryggleik i området - Meiner forretning/«big box» bør ligge innanfor den definerte sentrumskjernen eller i Saunesmarka, ikkje i Joakimbakken. - Joakimbakken bør vidareutviklast som bustadområde, med byggehøgder i tråd med eksisterande regulering (ca. 6–8,5 m). - Føreslår: - Maks 1 forretningsetasje + inntil 3 bustadetasjar - Maks byggehøgd ca. 7 m over innkøyringsnivå - Eventuelt én tilbaketrekt ekstra etasje på éi blokk - AMFI kan eventuelt utvide i bakkant, i kombinasjon med bustader og parkering. - Overordna mål: Bevare Joakimbakken som attraktivt bustadområde, med moderat høgde, tryggleik og god bokvalitet.			
Kommunen sin kommentar og konklusjon			
<i>Det er gjort endringar på B/F1. Planen legg no opp til å dele arealet i to trinn</i> <i>Trinn 1, mot Holsekervegen, er detaljregulert som B/F1. B/F1 vil få to etasjar med</i>			